

**Arbeidsutvalet - Saksliste møte – Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

**Møte:** 1-2020  
**Tid:** Onsdag 30. september kl. 09.00 – 13.30  
**Stad:** Dampen – Hagellia Matstove

**Til stades:**

<b>Arbeidsgruppa:</b>	Kristin Nåmdal(Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande- var med på Teams (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Pelle Engesæter (Osterøy),
<b>Andre:</b>	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG), Terje Villanger Sondre Sognnes Haugen – frå kl 11.30
<b>Referent</b>	Bent Gunnar Næss

<b>Sak 01/20</b>	<b>Velkomst og intro</b>  Det var ein kort intro om arbeidsgruppa og runde rundt bordet med presentasjon.
<b>Sak 02/20</b>	<b>Konstituering av arbeidsgruppa</b>  Arbeidsgruppa bør ha ein leiar som kan fungere som: <ul style="list-style-type: none"><li>- Møteleiar</li><li>- Planlegge møte</li><li>- Delta i møte med eksterne og i møte med det det interkommunale planutvalet (IKPU) – vere eit bindeledd</li></ul> <b>Vedtak:</b> Arbeidsgruppa valde einstemmig Kristin Nåmdal som leiar.
<b>Sak 03/20</b>	<b>Presentasjon – gjennomgang – av prosjektet status og roller – BG/HK</b>  Medlem i arbeidsgruppa er no oppnemnt av rådmennene. Kommunestyra – har gjort eller er i ferd med å gjere vedtak om oppstart og velje medlem til IKPU.  Hans Kristian Dolmen som arbeider i Alver kommune vil vere fagpersonen i prosjektet. Vil bli frikjøpt i ein viss prosentdel. Bent Gunnar Næss – vil vere koordinator og «pådrivar». Terje Villanger i Alver kommune vil vere fagpersonen på kart i prosjektet. Sondre Sognnes Haugen i Alver kommune vil bidra med analysedata i prosjektet.

<p><b>Sak 04/20</b></p>	<p><b>Korleis bør/vil/ må ein jobbe i dette prosjektet - HK/BG</b></p> <p>Det vil bli utarbeida korte referat frå arbeidsgruppa, der det går fram kva som er tatt opp og konkrete val/avgjerdsel.</p> <p>Referatet vert sendt på epost for kommentar/godkjenning med ein relativt kort frist for å uttale seg. Når fristen er gått ut vert referatet lagt inn i mappa «Referat» under «Arbeidsgruppa».</p> <p><b>Det var semje om at det må lagast ein realistisk tidsplan som alle er forplikta til å følge.</b> Det må vere ein balanse mellom «god nok tid» til at det er framdrift i prosjektet. Ved at så mange kommunar skal jobbe saman forutset at ein får til ein flyt i arbeidet.</p> <p>Det er oppretta eige Teams gruppe for dette prosjektet som alle skal ha fått tilgang til. Der vil alle dokument vere lagra. Det er lagt opp ein mappestruktur for at en skal kunne finne fram. Der er ei mappe som heiter «<b>Faktagrunnlag</b>». Den har undermappe med kvar einskild kommune. <b>Kvar einskild kommune/medlem arbeidsgruppa har ansvaret for å få inn aktuelle dokument i si mappe.</b> I reknearket som ligger i mappa – «Faktagrunnlag – oversikt.xls» vert namnet på fila/dokumentet registrert og kort kva den inneheld.</p> <p><b>Fagseminar</b></p> <p>Vi bør få til eit seminar der fagfolk som til dømes Havforskningsinstituttet kan gi oss fakta om sjøarealet i Nordhordland. Kva er dei største utfordringane. På dette seminaret bør også medlemmene i IKPU vere med. Ser for seg at dette kan vere aktuelt vinteren/våren 2021. Programkomiteen er Asbjørn Toft, Kristin Nådaldal, HK og BG.</p> <p><b>Regionale myndighetene</b></p> <p>Etter råd i frå Troms vert dei regionale myndighetene tatt med i ei «referansegruppe». Målet er at dei der kan sei kva er deira forventningar/krav til planen. Denne gruppa bør samlast før planprogrammet vert sendt ut på høyring. Det er viktig at det er ein god dialog med desse aktørane undervegs i prosjektet.</p>
<p><b>Sak 05/20</b></p>	<p><b>Kva vil vere det viktigaste i ein interkommunal plan for sjøareal – HK</b></p> <p>Kva er status i dag?  Korleis vil vi ha det?  Kva vil vi oppnå i lag?</p> <p>Dett vart drøfta i møte – sjå eige vedlegg.</p> <p>Det var semje om at <b>planen må bygge på kunnskap og data som er tilgjengeleg i dag.</b> Det vil vere alt for ressurskrevjande både i tid og pengar til at ein skal sette igong med eigne undersøkingar.</p>
<p><b>Sak 06/20</b></p>	<p><b>Planprosess/Planprogrammet - HK</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Prosess og involvering <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva må det innehalde</li> <li>- Kva vil me med planprogrammet</li> <li>- Utfordringar?</li> <li>- Kunnskapsgrunnlag og kunnskapsinnhenting</li> <li>- Premissar for arbeidet – skal sjå areala samla – samtidig så gjeld kommunegrensene</li> <li>- Arealformål, omsynssonar og arealstrategi – kva mål har kommunane</li> <li>- Biosfæreområde – kva betyr det for dette arbeidet</li> </ul> </li> </ul>

	Semje om at dette er arbeidsoppgåve nr 1 og få vedteke eit planprogram. Det er IKPU som har/vil få fullmakt til å avgjere, men det må vere forankra i eigen kommune (på same måte som ein ville gjort det med planprogram for ein kommunedelplan).
<b>Sak 07/20</b>	<p><b>Kart – bruken i ein interkommunal plan for sjø – Terje Villanger - HK</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva har vi i dag</li> <li>- Kva trenger vi</li> <li>- Er kommunegrensene ein utfordring</li> </ul> <p>Erfaringar viser at det kan vere utfordringar med kvaliteten på kartmaterialet. For å sikre at kvaliteten er god må det gjerast ein ryddejobb, omfanget av den kan variere.</p> <p>Alver bruker i dag Winmap som planforvaltningsverktøy, har gode erfaringar med det. Dei andre kommunane hadde ingen motforestilling til å bruke det.</p> <p>Følgjande vart bestemt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Terje Villanger (TE) sender ut ein epost til alle med ein «konkret» bestilling av kva data som kvar enkelt må sendast inn</li> <li>• TE gjer ein vurdering av kva som evt. må rettast opp</li> <li>• Dersom det er større jobb med å rette opp data så kan det bli aktuelt å belaste den enkelt kommune.</li> </ul>
<b>Sak 08/20</b>	<p><b>Møteplan for arbeidsutvalet</b> – med tema og innhald – leiar, BG og HK ser nærare på dette og kallar inn til møte. Møteinnkalling skjer i Outlook. Saksliste og evt sakspapir vert lagt inn i møtemappa i Teams – sjå Arbeidsgruppa\Møte 02 .....</p> <p>Møtestad vart også diskutert. Det var ønskeleg at møta vert rundt om i regionen slik at gruppa også vert kjent med andre område i regionen. Gjerne kombinere møta med ei synfaring/besøk til eit aktuelt fagleg tema/område.</p>
<b>Sak 09/20</b>	<b>Oppsummering</b> – ansvar og oppfølging
	Knarvik, 30. september 2020